



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak-dok. 22/21390-3
Saksbehandler Eivind Dalseg

Søknad om midlar til stiftelsen Setesdal stavkyrkje

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Fylkesutvalget	20.12.2022	167/22

Fylkesutvalget har behandlet saken i møte 20.12.2022 sak 167/22

Møtebehandling

Representanten Torunn Ostad (H) ba om å få sin habilitet vurdert da hun er styremedlem i AAMA. Representanten ble enstemmig erklært habil jf. fvl. § 6 annet ledd.

Representanten Torunn Ostad (H) fremmet følgende alternativt forslag på vegne av H, KrF, FrP og V:

Agder fylkeskommune er positive til arbeidet med Setesdal stavkyrkje og ønsker å bidra faglig og økonomisk.

For at ikke arbeidet med finansiering og avtaler med samarbeidspartnere stopper opp, bevilger fylkesutvalget 1 million kroner. Summen tas fra fylkesordførers disposisjonskonto. Administrasjonen bes komme tilbake med en ny sak med endelig plan for organisering av arbeidet, samarbeidspartnere og finansiering. Den resterende delen av søknaden fra stiftelsen Setesdal stavkyrkje ses i sammenheng med dette.

Votering

Felles forslag fra H, KrF, FrP og V ble enstemmig vedtatt, fylkeskommunedirektørens innstilling falt.

Fylkesutvalget - vedtak

Agder fylkeskommune er positive til arbeidet med Setesdal stavkyrkje og ønsker å bidra faglig og økonomisk.

For at ikke arbeidet med finansiering og avtaler med samarbeidspartnere stopper opp, bevilger fylkesutvalget 1 million kroner. Summen tas fra fylkesordførers disposisjonskonto. Administrasjonen bes komme tilbake med en ny sak med endelig plan for organisering av arbeidet, samarbeidspartnere og finansiering. Den

resterende delen av søknaden fra stiftelsen Setesdal stavkyrkje ses i sammenheng med dette.

Søknad om midlar til stiftelsen Setesdal stavkyrkje

Fylkeskommunedirektørens forslag til vedtak

1. Agder fylkeskommune er positive til arbeidet med Setesdal stavkyrkje og ønsker å bidra faglig og økonomisk.
Fylkesutvalget ber om at administrasjonen snarest mogleg legg frem ei sak som har med oppdatert informasjon om prosjektet og ein endeleg plan for organisering av arbeidet, samarbeidspartnere og finansiering.

Vedlegg

Søknad - Agder fylkeskommune
Rapport Forprosjekt Setesdal Stavkyrkje
Rapport Hylestad
Norsk håndverksinstitutt

Samandrag

Hausten 2019 vart det starta opp eit lokalt engasjement i Setesdal knytt til å bygge ei stavkyrkje på Rysstad i Valle kommune. Stiftelsen Setesdal stavkyrkje vart etablert, og det er gjennomført eit forprosjekt finansiert av Valle kommune og Valle sparebank. Agder fylkeskommune har bidratt med midlar til å gjennomføre analysar av grunnen (georadar) på tomte der gamle Hylestad stavkyrkje stod.

Motivasjonen bak prosjektet har sitt utspring i ynskje om å skape ein nasjonal kulturhistorisk attraksjon og ein svært unik kulturscene. I tillegg vil byggeprosessen vere ein unik moglegheit til å studere tradisjonshandtverket og kunnskapen bak dette. Gjennom stavkyrkja vil ein knyte saman fleire ulike interessefelt som gjennom ulike bruk og nytte av bygget vil kunne skape kulturelle opplevingar av stor verdi for heile landsdelen.

Stiftelsen er per i dag i dialog med aktuelle samarbeidspartnarar i prosjektet. Norsk Håndverksinstitutt, Riksantikvaren, Fortidsminneforeninga og Sparebankstiftelsen DNB har gitt positive signal til vidare samarbeid. Prosjektet har foreløpig ei forventa økonomisk kostnadsramme på 70-100 millionar kroner.

Fylkeskommunedirektøren foreslår at administrasjonen snarast går i dialog med søkarane og ber om ein oppdatert plan for organisering av arbeidet og legger frem en ny sak for fylkesutvalget.

Saksopplysningar

Stiftelsen Setesdal stavkyrkje består i dag av ulike aktørar og private initiativtakarar i Setesdal, og vart oppretta hausten 2019. Både kommunen og Setesdalsmuseet er representert i stiftelsestyret. Initiativet kom på bakgrunn av eit ynskje om å tilføre Setesdal ei ny stavkyrkje. Valle kommune og Valle sparebank har til nå finansiert eit forprosjekt med 90 000 kroner, samt bidratt med totalt 100 000 kroner i kapital til oppretting av stiftelsen.

Det har tidlegare stått fleire stavkyrkjer i dalen, men det står nå ingen att. Det finnst derimot rester av desse, der nok dørportalane frå Hylestad stavkyrkje er mest kjent. Desse har rike utskjeringar og historieforteljingar. Den gamle stavkyrkja tilknytt Hylestad stod på Bjørgum på austsida av elva frå Rysstad. Fylkeskommunen har bidratt med finansiering av undersøkingar av den gamle stavkyrkjetomta på Bjørgum med georadar i samarbeid med Arkeologisk museum i Stavanger. Dette området er freda som middelalderkyrkjegard, slik at det ikkje er aktuelt å bygge ei ny kyrkje her. Plassering av den nye stavkyrkja er derimot tenkt knytt opp mot museumsanlegget på Rysstad, med god synlegheit frå riksveg 9.

Tomta er avsett til museumsformål i reguleringsplan for Rysstad sentrum. Setesdalsmuseet eignedom IKS, som att er eigd av setesdalskommunane, eig tomta og har sagt seg viljuge til å disponere denne til dette formålet. Plasseringa gir gode moglegheiter for formidling, både i regi av Setesdalsmuseet, men og gjennom andre aktørar. Nærleiken til riksveg 9 kan òg sjåast i samanheng med eit ynskje om å etablere denne vegstrekninga som nasjonal turistveg. Prosjektet vil i så måte bidra sterkt til å sette Rysstad på kartet både nasjonalt og internasjonalt.

Setesdal har ei rik kulturarv og har fått UNESCO-status for immateriell kulturarv. Den ferdige bygningen er ikkje tenkt vigsla som kyrkje, men skalha funksjonar som eit kulturhus. Kyrkja støtte oppunder og verte ein sentral arena for utøving og vidareutvikling av den immaterielle kulturarven.

Prosjektet er planlagt som eit stort samarbeidsprosjekt mellom fleire nasjonale aktørar. Parallelt med initiativet i Setesdal, har Norsk Håndverksinstitutt arbeidd med eit prosjekt der ein har tenkt å bygge ein handverksmessig prosessuell kopi av Borgund stavkyrkje. Denne er svært lik både i type/form og storleik som den som har stått i Hylestad. Instituttet har til nå ikkje hatt tomt eller vidare planar for den ferdige kyrkja utover at det er byggeprosessen og handverksforskning som er i fokus. På bakgrunn av dette har det vore fleire møter mellom stiftelsen i Setesdal og instituttet om å slå saman desse prosjekta, med bygging og plassering av kyrkja i Setesdal. Instituttet lyser for øvrig ut ei stipendiatstilling til neste år som uavhengig av prosjektet vil produsere delar av takkonstruksjonen til kyrkja.

Riksantikvaren gjennomførte mellom 2001-2011 eit stavkyrkjeprogram, der måla med dette var å sette i stand stavkyrkjene. Prosjektet resulterte i mykje ny kunnskap og erfaringar innanfor tradisjonshandverksfeltet. Mange fekk spesialkompetanse innanfor sine fagfelt, både tømmerfaget, men og smedfaget, konserveringsfaget m.fl. Ei vidareføring og vidareutvikling av denne kunnskapen er naudsynt for å kunne ta vare på stavkyrkjene våre vidare. Fleire av deltakarane i dette programmet er fortsatt yrkesaktive, men risikerar innan få år å nå pensjonsalder. Tidspunktet for gjennomføringa av eit større forsknings- og utviklingsprosjekt med nye og gamle handtverkarar involvert er difor sentral.

Økonomien i prosjektet er per i dag ikkje konkretisert utover at det er gjort eit grovt overslag på at kostnaden for prosjektet ligg mellom 70-100 millionar, og gjennomføringa er signalisert til å ta 6-7 år. Stiftelsen og handverkinstituttet har kontakt med Riksantikvaren, Fortidsminneforeningen og Sparebankstiftelsen DNB om prosjektet, der samtlege har gitt positive signal om i bidra. Hovudfinansieringa er tenkt gjennom Sparebankstiftelsen. Det er derimot ikkje gjort noko formell avtale rundt dette per dags dato. I tillegg er det tatt kontakt med nasjonale opplæringsinstitusjonar innanfor fagfeltet, deriblant NTNU, tradisjonshandverksslinja på Fagskulen innlandet og Handtverksskulen på Hjerleid for samarbeid rundt forskning

og opplæring. Setesdalsmuseet har signalisert å stille produksjonslokale, snikkarverkstad og andre fasilitetar undervegs i byggeprosessen.

I søknaden er det søkt om inndekning av ei prosjektleiarstilling over tre år som skal jobbe med å samordne og dra prosjektet framover. Samarbeid og samordning med handtverksinsitutttet vil verte sentralt i denne jobben. Fortidsminneforeninga har og ein person med ansvar for oppfølging av prosjektet. Marknadsføring, administrasjon og innehenting av økonomiske midlar er sentrale arbeidsoppgåver. Det vert søkt om 1 000 000 kroner til inndekning av lønn, samt 250 000 kroner til dekking av kontordrift og reiseutgifter, totalt 1 250 000 kroner kvart år i tre år. Valle kommune og Valle sparebank har gitt positive signal om vidare økonomiske bidrag inn i hovudprosjektet, men det er ikkje løyvd konkrete beløp på nåverande tidspunkt.

Vurderingar

Fylkeskommunedirektøren meiner at prosjektet med bygging av stavkyrkja i Setesdal er eit viktig verktøy for å sikre kunnskapen knytt til ivaretaking av stavkyrkjene våre framover. Samstundes vil prosjektet verte eit nasjonalt og dels internasjonalt referanseprosjekt innanfor tradisjonshandverket. Urnes stavkyrkje står som ein av 8 stader på UNESCOs verdsarvliste. Kunnskapen frå dette prosjektet vil bidra til at vi på eit nasjonalt nivå betre vil kunne ivareta stavkyrkjene våre for framtida.

Bygningen vil bidra til å sette Setesdal på kartet, samt understøtte arbeidet med å utvikle reiselivssatsinga langs riksveg 9. Prosjektet har som formål å reise eit bygg som vil kunne nyttast som museum, kulturscene, turistattraksjon og som lokale for arrangement som bryllup og dåp. Kyrkja vurderast som eit stort løft for, og ei tydeleg satsing for utvikling av Setesdalsmuseet og omegn som besøksmål.

Fylkeskommunen oppretta i 2020 tre bygningsvernssenter i fylket, derav eit er plassert på Rysstad. Sentra har eit særmerkt ansvar for å bidra til opplæring og utvikling innanfor tradisjonshandverket, samt rådgiving ovanfor private og offentlege aktørar. Setesdal har mange bygningar frå mellomalderen, og det er ei uttalt målsetting om å etablere fagmiljøet som eit nasjonalt kompetansesenter for mellomalderbygningar. Prosjektet vil verte ein sentral arena for det vidare arbeidet med dette, og bidra til ein unik nasjonal læringsarena for både handterkarar og forvaltning.

Fylkeskommunedirektøren vurderar det som positivt at det er store nasjonale aktørar involvert i prosjektet. Dette gir prosjektet eit stort løft og fagleg forankring utover det lokale engasjementet som har oppstått. Søknaden om stønad til prosjektleiar har fleire manglar når det kjem til finansieringsplan og er ikkje oppdatert med samankoplinga mellom dei to prosjekta som nå er i ferd med å kome på plass. Dermed manglar ein del detaljar for det vidare arbeidet.

Prosjektet er lokalt forankra ved midlar frå Valle sparebank og Valle kommune til stiftelseskapital og gjennomføring av forprosjekt. Kommunane gjennom Setesdalsmuseet eigedom IKS stiller og verdien av tomta til disposisjon. Det er ikkje oppretta dialog med kommunen knytt til samfinansiering av stillinga. Fylkeskommunedirektøren vurderar at prosjektet er av eit slikt omfang at det er

behov for ein prosjektleiar som kan drive arbeidet vidare og koordinere innsatsen mellom dei ulike aktørane, lokalt, regionalt og nasjonalt, men meiner at det er behov for ei tydelegare organisering av prosjektet før saka behandlas.

Fylkeskommunedirektøren er kjend med at det er avholdt nye møtar med eksterne parter og ynskjer difor at ein oppdatera prosjektplan med tilførande budsjett og finansieringsplan leggjast fram for endeleg behandling i fylkesutvalget. Saka leggjast fram på nytt så raskt som mogleg.

Regionplan Agder 2030

Prosjektet kan knytast mot fleire av målsettingane i regionplan Agder 2030.

Prosjektet fell saman med målsettingar innanfor verdiskaping og berekraft:

- Verdiskaping er basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar

Innan utdanning og kompetanse:

- Det er god balanse mellom tilbud og etterspørsel etter kompetanse i det regionale arbeidsmarkedet

Og innan kultur:

- Verdiskapingen knyttet til kystkultur, kulturarv i indre bygder og trehusbyene har økt.
- Samarbeidet mellom kultursektoren og reiselivet om kulturturisme har oppnådd nasjonal status.
- Alle innbyggere opplever å ha god tilgang til et bredt spekter av kultur- og idrettstilbud i nærområdet
- Frivillighet er drivkraft i videreutviklingen av Agders kultur- og idrettsliv.

Av særkilde vegar til målet kan følgjande knytt til kulturkapittelet nemnast:

- Jobbe for at riksveg 9 gjennom Setesdal får status som nasjonal turistveg
- Tilrettelegging av kulturelle satsingar og regionens kulturarv for heilhetleg attraksjonsutvikling
- Vidareutvikling av bibliotek, kulturskular, ungdomshus, fritidsklubbar samt idrettsanlegg som arenaer for aktivitet, læring, debatt, mangfold og inkludering
- Etablere og vidareutvikle bygningsvernsenter.
- Styrke samarbeidet med friviljug sektor om kulturminnevern

Økonomiske konsekvensar

Avklarast i ny sak.

Konklusjon

Agder fylkeskommune er positive til arbeidet med Setesdal stavkyrkje og ønsker å bidra faglig og økonomisk.

Det leggst snarest mogleg legg frem ei sak som har med oppdatert informasjon om prosjektet og ein endeleg plan for organisering av arbeidet, samarbeidspartnere og finansiering.

Kristiansand, 30.11.2022

Tine Sundtoft
fylkeskommunedirektør

Kristin Tofte Andresen
fylkesdirektør

21. desember 2022